



## Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 02.12.2020  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 09:30 - 10:20

Ekstramøte i Utval for helse og omsorg.  
Møtet vart halde på Teams.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Thore Helland	UAVH	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Leni Dale, avdelingsleiar NAV, Arngunna  
Haga, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

Det møtte seks av åtte medlemmar i utvalet.

### Sakliste

Saknr	Tittel
079/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
080/20	Godkjenning av møteprotokoll 10.11.2020
081/20	Busetting av flyktningar
082/20	Vertskommunesamarbeid øyeblikkeleg hjelp døgntilbod
083/20	Meldingar og orienteringar

## **079/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Utval for helse og omsorg 02.12.2020:**

#### **Behandling:**

Utvalsleiar Ståle Hauge (AP) opplyste at administrasjonen ønskjer å trekkja sak 082/20 frå sakslista.

Utvalsleiaren sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Sak 082/20 blir trekt frå sakslista. Rådmannen kjem tilbake med ny sak om ØHD og legevakt i 2021.

Utvalet vedtak samrøystes utvalsleiar sitt tilleggsframlegg.

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

#### **HO- 079/20 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent, med følgjande endring:

Sak 082/20 blir trekt frå sakslista. Rådmannen kjem tilbake med ny sak om ØHD og legevakt i 2021.

## **080/20: Godkjenning av møteprotokoll 10.11.2020**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Utval for helse og omsorg 02.12.2020:**

#### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes protokoll frå møte 10.11.2020.

#### **HO- 080/20 Vedtak:**

Møteprotkollen vert godkjend.

## **081/20: Busetting av flyktingar**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner å busetje 25 flyktingar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Kommunestyret er positive til å busetje flyktingar frå Morialeiren. Får Alver kommune høve til

å busetje flyktningar frå Morialeiren utover oppmodingstalet på 25, vil rådmannen kome tilbake til kommunestyret med eige sak om dette.

#### **Utval for helse og omsorg 02.12.2020:**

##### **Behandling:**

Avdelingsleiar i NAV, Arngunna Haga, svara på spørsmål.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **HO- 081/20 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner å busetje 25 flyktningar i tråd med oppmodingstalet frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Kommunestyret er positive til å busetje flyktningar frå Morialeiren. Får Alver kommune høve til å busetje flyktningar frå Morialeiren utover oppmodingstalet på 25, vil rådmannen kome tilbake til kommunestyret med eige sak om dette.

#### **082/20: Vertskommunesamarbeid øyeblikkeleg hjelp døgntilbod**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune seier opp avtalen med samarbeidskommunane om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. I løpet av 2021 vil rådmannen komme tilbake med sak om korleis tilbodet kan løysast frå 2022. Alver kommune vil i denne prosessen bidra til at alle samarbeidskommunane får best mogleg løysingar.

#### **Utval for helse og omsorg 02.12.2020:**

##### **Behandling:**

Saka vart trekt frå saklista - sjå sak 079/20.

##### **HO- 082/20 Vedtak:**

Saka vart trekt frå saklista.

#### **083/20: Meldingar og orienteringar**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

**Utval for helse og omsorg 02.12.2020:**

**Behandling:**

Kommunalsjef Løni Dale orienterte om status for koronapandemien og svarte på spørsmål knytt til tiltak og regelverk.

Utvalet tok samrøystes meldingar/orienteringar til orientering.

**HO- 083/20 Vedtak:**

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.